

# Guddal familiekor øvingsplan

## hausten 2018

Øvingar anna kvar tysdag på Guddal skule.

16.00-16.30 Familiekor junior – Fellesøving for alle – dei frå 4 år t.o.m. 3. klasse går kl.16.30

16.30-17.00 repertoar for eldre barn og ungdom (frå 4. klasse til 10. klasse)

Korregel: **Gje beskjed viss du ikkje kan kome.** Det er viktig at alle stiller til øvingar og framføringar.

**På gudstenester og konsertar bruker vi kor-T-skjortar.**

21. august øving (nye medlemmer kan starta)

**sundag 26. august - Konfirmantpresentasjon i Guddal kyrkje. 4. til 10. klasse øver kl.13.30 på galleriet.**

4. september øving

18. september øving

**sundag 30. september – Hausttakkefest m/6-årsboka. Alle øver kl.10.30 Ta med korg med frukt/brød/grønsaker.**

2. oktober øving

(16. oktober ikkje øving)

30. oktober - øving

**sundag 4. november – Helgemessegudsteneste. 4. til 10. klasse øver kl.13.30 på galleriet.**

13. november - øving

27. november - øving

**sundag 9. desember - Lysmesse i Guddal kyrkje. Oppvarming kl.15.30 for alle.** Utdeling av 4-årsboka.

11. desember øving **med alle kl.16.00 -16.30** – Juleavslutning kl.16.30-17.30 på Yndestad gard med julegraut.

*Koret deltek på skule- og barnehagegudstenesta i kyrkja torsdag 20. desember kl.13.30.*

**måndag 24. desember Julaftan i Guddal kyrkje kl. 13.30.** Alle i koret syng.

Øvingsplanen er også publisert på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Mark Taylor, dirigent

57739774a 97513449m [kantor@fjaler.kyrkja.no](mailto:kantor@fjaler.kyrkja.no)

Leiar i koret:- Anne Rita Kalvøy Boge

tlf. 47256015 [kjelbog@online.no](mailto:kjelbog@online.no)

Kasserar: Margunn Langeland 47678947

Kontonr: 3741.20.65655

Organisasjonsnummer: 993835129

nye medlemmar betaler kontingent for 2018 innan 1. okt.

**Merk innbetalinga med namnet til kormedlem + medlemskontingent**

---

**Kontaktinformasjon nye medlemmar** (eller endringar for tidlegare medlemmer): RIV AV og gje til Mark på fyrste øvinga

**Barnet sitt namn:** ..... **fødselsdato:** .....

**barnets mobil nr:** ..... **e-post adresse:** .....

**farens namn**..... **tlf:** .....

**moras namn** ..... **tlf:** ..... **e-post:** .....

**Greitt at bilete av koret kan brukast i kyrkjebladet:** Ja.....Nei.....

**På [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no):** Ja.....Nei..... **På plakatar:** Ja.....Nei..... **I aviser:** Ja.....Nei.....

**Føresette sitt samtykke at personopplysingane til barnet oppgitt her, blir lagra til praktisk drift av koret.** Ja.....Nei.....



**GRASROTANDELEN** <sup>ES</sup>  
GUDDAL FAMILIEKOR

Organisasjonsnummer: 993835129



32774993835129

### *Vil du gi din støtte til GUDDAL FAMILIEKOR?*

Du har kanskje fått med det at Grasrotandelen er ei ny ordning frå Norsk Tipping, der du som registrert spelar kan velje å støtte din Grasrotmottakar.

Dersom du tippar, oppfordrar vi deg til å støtte eit av dine lokale kor: Guddal Familiekor.

Ved spel hos Norsk Tipping vil 5% av innsatsen gå direkte til koret du har valt (gjeld ikkje Extra og Flax). Det går ikkje ut over innsatsen eller premien din – du blir ikkje belasta for å vere grasrotgivar.

Du treng Norsk Tipping Spillerkort for å knytte deg til Grasrotandelen.

Det får du kjøpt hos kommisjonær (ta med organisasjonsnummer til koret du ønskjer å støtte) eller på [www.norsk-tipping.no](http://www.norsk-tipping.no) (der kan du søke fram koret ved namn).

Via gratis SMS:

GRASROTANDELEN 993835129 til 2020 (Guddal familiekor) Takk for at du støtter oss!

---

### **Nye personvernreglar frå 1. juli**

EU sine nye personvernreglar – the General Data Protection Regulation (GDPR) – blir innført etter planen i Noreg tidlegast 1. juli i år. For å drive Familiekoret, må kyrkja hente inn og lagre personopplysningar og dele dei med organisasjonane Ung Kirkesang, Fjaler kommune og Brønnøysundregistrene.

Relevante personopplysningar frå deltakarar for drift av Familiekoret er namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse og fødselsnummer (både fødselsdato og personnummer) for kormedlemar og foreldre/føresette. Desse er lagra i kyrkja sin database «Kardinal», tilgjengeleg for tilsette i Fjaler sokn. Du kan ta kontakt viss du vil vite kva for opplysningar vi har om deg. Du kan også be oss om å slette desse opplysningane.

Kontaktopplysningane til føresette er delt med kasseraren i Familiekoret i ei adresseliste for at kasseraren kan hente inn kontingent. Familiekoret deler namn, adresse og fødselsdato med Ung Kirkesang, som lagrar opplysningar på Hypersys til innkreving av kontingent, påmelding til kortreff og søknader om frifondsmidlar.

Namn på styremedlemmer er publisert i Brønnøysundregistrene (Altinn) der koret er registrert som frivillig organisasjon. Namn på ein kontaktperson blir delt med Fjaler kommune (Frivilligsentralen og kulturkontoret) for at koret kan drive med rekruttering og marknadsføring gjennom Fjaler kommune si nettside, kulturkalender og heftet «Fritida mi».

Bilete av koret kan bli brukt i kyrkjebladet, kyrkja si nettside og/eller facebookside. Den enkelte kan reservere seg mot gruppebilete publisert i ein eller fleire av desse kanalane.

Familiekoret ber også om sensitive opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre songundervisning og eventuelle turar med kortreff/bading på ein forsvarleg måte, slik som læreveskar, allergiar eller sjukdomar. Desse opplysningane blir ikkje delt med andre og blir sletta når du sluttar i koret.